

Knut Magne Bjørnestad  
Postboks 26  
5906 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/1839 - 23/34741

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
[svein.arne.vagane@alver.kommune.no](mailto:svein.arne.vagane@alver.kommune.no)

Dato:  
04.05.2023

## Løyve til etablere velteplass med vilkår på gbnr. 316/4 i Alver kommune

**Administrativt vedtak: Saknr: 458/23**

### VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar godkjenner Alver kommune at Knut Magne Bjørnestad får etablere velteplass på gnr. 316, bnr. 4. i Alver.

### Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune, kulturavdelinga varslast.
- Velteplassen skal i sin heilskap leggjast nordnordvest for eksisterande skogsveg slik det går fram i saksutgreiinga.
- Vedtaket er gyldig til 31.05.2026 og tiltaket må vere ferdig innan 31.05.2027.
- Avkjørsleløyve eventuelt endringsløyve til offentleg veg må vere avklara før arbeidet tek til. Avstand frå velteplassen til offentleg veg må avklaras med vegmyndet.
- Langs vassdrag skal det setjast att eit naturleg vegetasjonsbelte breitt nok til å hindre avrenning til bekken som renn mot Storavatnet.

**Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.**

### Saka gjeld

Knut Magne Bjørnestad søker om å få etablere velteplass på gnr. 316, bnr. 4 i Alver. Velteplassen er tenkt lagt på begge sider av ein skogveg av enkel standard. Vidare skal den leggjast parallelt med offentleg veg i området, men med tanken på tryggleiken, med noko avstand frå offentleg veg. Plassen skal fyllast opp av massar som vert køyrt til området og som skal planerast. Massane vert køyrt til når dei er tilgjengelege. Det er ikkje opplyst kvar desse massane skal kome frå. Anlegget ligg i nær ein bekk som renn frå Grasdalsvatnet til Storavatnet som er drikkevasskjelde for innbyggjarane i området.

### VURDERING:

#### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Formålet med landbruksvegforskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev best moglege heilsaksløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og endeleg andre interesser som vert råka av vegframføringa.

Velteplassen gjer det mogleg å sikre god oppstilling til og rasjonell hogst av skog på eigedomen og er såleis i tråd med føremålet.



Fig. 1. Velteplassen er tenkt etablert på begge sider av eksisterande veg. Offentleg veg i bakkant av fotografen. I søkket eit stykke «inn» i biletet, kryssar vegen bekken som renn fra Grasdalsvatnet og ned til Storvatnet. Storvatnet er drikkevasskjelde for innbyggjarane i området.



Fig. 2. Området sørsvoraust for skogsvegen (biletet er teke frå skogsvegen). Bak grana midt på biletet ligg Grasdalsvatnet. Bekken frå dette vatnet og som renn mot Storvatnet, ligg i venstre biletkant. Offentleg veg ser vi til høgre.



Fig. 3. Området nordnordvest for skogsvegen. Offentleg veg til venstre. Bekken frå Grasdalsvatnet ligg inne i skogen til høgre. Kommunen meiner det er betre å legge velteplasen i dette området samanlikna med området sørvest for skogsvegen.

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfald der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden, men og i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna søkt i naturbasen (via gardskart) og artsdatabanken). Det er ikkje gjort funn i traséen eller området i nærleiken. Men i kilden,nibio.no er området aust for skogsvegen registrert som djup myr – sjå fig. 4 nedanfor.




Fig. 4. Blå farge er klassifisering som djup myr. Vi ser skogsvegen som ei stippla line om lag i nordre enden av den djupe myra.

Søknaden har vore sendt på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune, kultur.

Statsforvaltaren i Vestland har, utan å gå detaljert inn i saka, gjort ein kort utsjekk av miljøinteressene. Dei har ikkje funne noko om viktige naturkvalitetar eller miljøverdiar i området. Men dei peikar på at det langs vassdrag med årsikker vassføring skal oppretthaldast eit naturleg belte av kantvegetasjon jf. vassressurslova § 5 og at dette òg gjeld for myr.

Vestland fylkeskommune og Alver kommune, kultur har ikkje kome med uttale. I liknande saker har fylkeskommune på generelt grunnlag bede om at ein under arbeidet søker å unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir. Dei syner òg til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under arbeidet, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då stoggast til rette forvaltningsmynde har vurdert funnet. Eventuell gransking vil verte gjennomført mindre enn 3 dagar etter melding om mogleg funn. Av den grunn finn kommunen det rett å ta dette med i vedtaket i denne saka.

Djup myr er viktig å verne om i ein klimasamanheng. Kommunen meiner difor det er best å flytte velteplassen noko, slik at den fullt ut vert liggjande nordnordvest for skogsvegen.

Slike søknadar skal altså vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram ovanfor og dei vilkår som vert sett, finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-van» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Vegen er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulepper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.

At kommunen har gjeve eit løyve, går ikkje framom manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett kan vere avkøyrsløyve/endringsløyve til offentleg veg. Dette er noko som må løysast av søkjar, og er dessverre ikkje noko landbruksforvaltninga i kommunen kan hjelpe med.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at søknaden kan komast i møte men med dei vilkår som vert sett i vedtaket.

## **Regelverk**

- Forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar.
- Naturmangfaldslova
- Forvaltningslova
- Vassressurslova
- Offentleglova

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «23/1839»

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Knut Magne Bjørnestad

Postboks 26

5906 FREKHAUG